

Handsaming i Formannskap - 25.11.2021

Forslag frå Aasan på vegne av SP og MDG:

Fylgjande tillegg til rådmannens tilråding:

1) Flatdal oppvekstsenter - barnehagetilbod

Kommunestyret ber rådmannen legge til rette for at alle born som soknar til Flatdal oppvekstsenter skulekrins skal få tilbod om barnehageplass i Flatdal barnehage frå hausten 2022. Det skal leggest til rette for tilgang på tilstrekkeleg areal, om naudsynt gjennom utegrupper t.d. for dei eldste borna eller ved å leige tilleggslokale.

2) Tilrettelagte uteområde for småbarnsgruppene i barnehagane

I 2022 skal det prioriterast å leggje til rette for at dei minste borna i Flatdal barnehage har tilgang på eit eige skjerma uteområde, slik at uteområdet ikkje er til hinder for at også dei minste borna kan verte tilbydd barnehageplass i Flatdal.

Behov ved dei andre barnehagane må vente om det ikkje er kapasitet/disponible midlar til å tilrettelegge fleire uteområde i 2022.

3) Sommarskulen i Seljord

Seljord kommunestyre ynskjer å gjere Sommarskulen i Seljord til ei permanent ordning, og ber rådmannen arbeide fram eit forslag til gjennomføring av dette for 2022 og i åra frametter.

Seljord kommunestyre løyver 150 000 kroner årleg til gjennomføring av Sommarskulen i Seljord 2022-2025. I tillegg vert det løyvd 200 000 kroner til Sommarjobb for ungdom (inkludert drift av Sommarskulen).

Seljord kommunestyre ber rådmannen nytte relevante søknadsordningar til å søkje ekstra, og om mogleg fullfinansiering, av Sommarskulen.

4) Utandørs svømmeundervisning

Seljord kommunestyre viser til tidlegare kommunestyrevedtak i sak 113/19. Seljord kommunestyre ber rådmannen legge fram ei sak om korleis utandørs symjeopplæring kan innførast i Seljord kommune som fast ordning frå skuleåret 2022-2023, for både Flatdal oppvekstsenter og Seljord barne- og ungdomsskule.

5) Velferdsutvalet

Velferdsutvalet vert lagt ned for resten av kommunestyreperioden 2019-2023. Utvalsstruktur for neste kommunestyreperiode (2023-2027) blir teke stilling til på eit seinare tidspunkt.

6) Busetting av flyktingar

Om Seljord kommune tek i mot meir enn 10 flyktingar frå 2022 skal dei ekstra inntektene dette gjev i 2022 prioriterast til å styrke integreringsarbeidet i barnehage, skule og SFO.

7) Produksjonskjøkkenet og matfagleg kompetanse i Seljord kommune

Rådmannen vert beden om å gjennomgå organiseringa av produksjonskjøkkenet og øvrige stillingar i kommunen knytt til mattilbereding o.l., og leggje til rette for ei meir heilskapleg utnytting av kompetansen og ressursane i organisasjonen. Ein ber særskilt om at det vert sett på moglegheita for å nytte noko av dei matfaglege ressursane kommunen har i eigen organisasjon inn i barnehagane.

Budsjettskjema 1A - Driftsskjema					
	2022	2023	2024	2025	TOTAL
Reduserte inntekter					
Reduksjon eiendomsskatt (2.5->2)	0 kr	0 kr	1,500,000 kr	1,500,000 kr	3,000,000 kr
Netto endring inntekt	0 kr	0 kr	1,500,000 kr	1,500,000 kr	3,000,000 kr
Investeringsbudsjettet					
Endring linje 3 "Flatdal skule" til "Skuleinvesteringar" (eks. moms)	0 kr	0 kr	16,000,000 kr	0 kr	16,000,000 kr
"Leige til eige" - utvide ordninga	5,000,000 kr	5,000,000 kr	5,000,000 kr	5,000,000 kr	20,000,000 kr
Startlån frå Husbanken - auka bruk	1,000,000 kr	4,000,000 kr	4,000,000 kr	4,000,000 kr	13,000,000 kr
					0 kr
Finanskostnader (investeringar)					
Finanskostnader skuleoppgradering	0 kr	0 kr	700,000 kr	700,000 kr	1,400,000 kr
					0 kr
Reduksjon i driftsutgifter					
PO4 Samfunnsutvikling og drift	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	800,000 kr
Sette Veiferdsutvalget på pause	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	400,000 kr
Lokaler Hjelpemiddelsentralen	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	400,000 kr
PO2 Skule og oppvekst	350,000 kr	350,000 kr	350,000 kr	350,000 kr	1,400,000 kr
SUM	750,000 kr	750,000 kr	750,000 kr	750,000 kr	3,000,000 kr
Programområde 2					
Sommarskolen i Seljord	150,000 kr	150,000 kr	150,000 kr	150,000 kr	600,000 kr
Programområde 3					
Innføre vaken nattevakt (Nestunet)	0 kr	623,823 kr	623,823 kr	623,823 kr	1,871,469 kr
Innføre vaken nattevakt (Steinmoen + Tilrettelagte tenester)	0 kr	0 kr	1,039,134 kr	1,039,134 kr	2,078,268 kr
Programområde 4					
Sommarjobb for ungdom (inkl. drift av Sommarskolen)	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	800,000 kr
---	0 kr	0 kr	0 kr	0 kr	0 kr
SUM AUKA UTGIFTER	350,000 kr	973,823 kr	2,012,957 kr	2,012,957 kr	5,349,737 kr
<hr/>					
	Meir/mindre	Rådmannen sitt framlegg	Total		
Bruk av disposisjonsfond 2022	-400,000 kr	-262,281 kr	-662,281 kr		
Bruk av disposisjonsfond 2023	223,823 kr	148,747 kr	372,570 kr		
Bruk av disposisjonsfond 2024	3,462,957 kr	-360,104 kr	3,102,853 kr		
Bruk av disposisjonsfond 2025	1,962,957 kr	-3,176,878 kr	-1,213,921 kr		
SUM Bruk av disp.fond	5,249,737 kr				
STØRRELSE DISPOSISJONSFOND					
Rådmannens budsjettframlegg 31.12.2025	11,987,516 kr				
Disp.fond 31.12.2025 SP/MDG-forslag	6,737,779.00				

Forslag frå Edvart Mæland (H) på vegne av H, AP og FRP:
Rådmannen sitt framlegg til budsjett vert lagt ut på høyring.

Opposisjonen har som intensjon og fremme eit endeleg budsjett i kommunestyret 16. desember utan eiendomsskatt.

Avrøysting:

Talforslaget frå Sondre Aasan (SP) inklusiv tekstpunkt 3 og 5 vart satt opp mot rådmannen si tilråding, og vart vedteke med 4 (SP, MDG) mot 3 (H, AP, FRP) stemmer.

Forslaget frå Edvard Mæland (H) fall med 3 (H, FRP, AP) mot 4 (SP, MDG) stemmer..

Tekstforslag nr 1 frå Sondre Aasan (SP) vart vedteke med 4 (SP, MDG) mot 3 (H, FRP, AP) stemmer.

Tekstforslag nr 2 frå Sondre Aasan (SP) vart vedteke med 4 (SP, MDG) mot 3 (H, FRP, AP) stemmer.

Tekstforslag nr 4 frå Sondre Aasan (SP) fall med 3 (Dahl Eide SP, Aasan SP, Fjågesund MDG) mot 4 (Byggstøyl Dyrland SP, H, AP, FRP) stemmer..

Tekstforslag nr 6 frå Aasan (SP) vart vedteke med 4 (SP, MDG) mot 3 (H, FRP, AP) stemmer.

Tekstforslag nr 7 frå Aasan (SP) vart vedteke med 4 (SP, MDG) mot 3 (H, FRP, AP) stemmer.

Vedtak i Formannskap - 25.11.2021

1. Kommunestyret vedtek forslag til budsjett 2022 og økonomiplan/handlingsprogram 2022-2025 slik det ligg føre i innstillinga frå rådmannen. Jf. kommunelova § 14-3. 4 ledd, vert framlegg til økonomiplan og årsbudsjett lagt ut til offentleg ettersyn i 14 dagar.
2. Det kommunale skatteøynet vert fastsett til dei maksimalsatsar som Stortinget vedtek.
3. Kommunestyret vedtar følgjande for eigedomsskatteåret 2022 i Seljord kommune:
 - A. For eigedomsskatteåret 2022 skal det skrivast eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen, jf. eigedomsskattelova § 3 første ledd bokstav a.
 - B. For eigedomsskatteåret 2022 skal det òg skrivast ut eigedomsskatt på eit "særskilt fastsett grunnlag" i samsvar med overgangsregelen til eigedomsskattelova §§ 3 og 4 første ledd. Det særskilte grunnlaget skal i 2022 vere lik 3/7 av differansen mellom eigedomsskattegrunnlaget i 2018 og 2019 som er forårsaka av at produksjonsutstyr og installasjonar ikkje skal reknast med i grunnlaget for verk og bruk, som frå og med 2019 blir rekna som næringsseigedom.
 - C. Den alminnelege eigedomsskattesatsen for skatteåret 2022 er 7 promille. For bustadar og fritidsbustadar er skattesatsen for skatteåret 2022 1 promille. Jf. eigedomsskattelova § 11 første ledd og § 13 andre ledd.
 - D. Eigedomsskatten vert skriven ut i tre terminar, jf. eigedomsskattelova § 25 første ledd, med forfall 20. mars, 20. juli og 20. november.
4. Investeringsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevilgningsoversyn investering» og «Investeringar i varige driftsmidlar». Sum investeringsutgifter i 2022 er kr 48.112.000
Opptak av lån i 2022 er kr 27.617.000. I tillegg kjem kr 1.000.000 i Startlån til vidare utlån.
5. Driftsbudsjettet vert vedteke slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift, del A og B». «Sum bevilgningar drift, netto» er i 2022 kr 218.638.484, som er vedteke fordelt på programområder, einingar, ansvar og del av ansvar, slik det går fram av «Bevilgningsoversyn drift del B».
6. Kommunale avgifter vert vedtekne etter prinsippet om sjølvkost. Innan VARF-området vert sjølvkost rekna ut i frå prinsippet om 100% dekningsgrad. Andre kommunale prisar og gebyrsatsar blir vedtekne slik det går fram av vedlegget «Oversyn over betalingssatsar for kommunale tenester 2022».

7. Flatdal oppvekstsenter - barnehage tilbud

Kommunestyret ber rådmannen legge til rette for at alle born som soknar til Flatdal oppvekstsenter skulekrins skal få tilbud om barnehageplass i Flatdal barnehage frå hausten 2022. Det skal leggast til rette for tilgang på tilstrekkeleg areal, om naudsynt gjennom utegrupper t.d. for dei eldste borna eller ved å leige tilleggslokale.

8. Tilrettelagte uteområde for småbarnsgruppene i barnehagane

I 2022 skal det prioriterast å leggje til rette for at dei minste borna i Flatdal barnehage har tilgang på eit eige skjerma uteområde, slik at uteområdet ikkje er til hinder for at også dei minste borna kan verte tilbydd barnehageplass i Flatdal.

Behov ved dei andre barnehagane må vente om det ikkje er kapasitet/disponible midlar til å tilrettelegge fleire uteområde i 2022.

9. Sommarskulen i Seljord

Seljord kommunestyre ynskjer å gjere Sommarskulen i Seljord til ei permanent ordning, og ber rådmannen arbeide fram eit forslag til gjennomføring av dette for 2022 og i åra frametter.

Seljord kommunestyre løyver 150 000 kroner årleg til gjennomføring av Sommarskulen i Seljord 2022-2025. I tillegg vert det løyvd 200 000 kroner til Sommarjobb for ungdom (inkludert drift av Sommarskulen).

Seljord kommunestyre ber rådmannen nytte relevante søknadsordningar til å søkje ekstra, og om mogleg fullfinansiering, av Sommarskulen.

10. Velferdsutvalet

Velferdsutvalet vert lagt ned for resten av kommunestyreperioden 2019-2023. Utvalsstruktur for neste kommunestyreperiode (2023-2027) blir teke stilling til på eit seinare tidspunkt.

11. Busetting av flyktningar

Om Seljord kommune tek i mot meir enn 10 flyktningar frå 2022 skal dei ekstra inntektene dette gjev i 2022 prioriterast til å styrke integreringsarbeidet i barnehage, skule og SFO.

12. Produksjonskjøkkenet og matfagleg kompetanse i Seljord kommune

Rådmannen vert beden om å gjennomgå organiseringa av produksjonskjøkkenet og øvrige stillingar i kommunen knytt til mattilbereding o.l., og leggje til rette for ei meir heilskapleg utnytting av kompetansen og ressursane i organisasjonen. Ein ber særskilt om at det vert sett på moglegeheita for å nytte noko av dei matfaglege ressursane kommunen har i eigen organisasjon inn i barnehagane.

Endringer i talbudsjettet:

Budsjettskjema 1A - Driftsskjema					
	2022	2023	2024	2025	TOTAL
Reduserte inntekter					
Reduksjon eiendomskatt (2,5->2)	0 kr	0 kr	1,500,000 kr	1,500,000 kr	3,000,000 kr
Netto endring inntekt	0 kr	0 kr	1,500,000 kr	1,500,000 kr	3,000,000 kr
Investeringsbudsjettet					
Endring linje 3 "Flatdal skule" til "Skuleinvesteringar" (eks. moms)	0 kr	0 kr	16,000,000 kr	0 kr	16,000,000 kr
"Leige til eige" - utvide ordninga	5,000,000 kr	5,000,000 kr	5,000,000 kr	5,000,000 kr	20,000,000 kr
Startlån frå Husbanken - auka bruk	1,000,000 kr	4,000,000 kr	4,000,000 kr	4,000,000 kr	13,000,000 kr
					0 kr
Finanskostnader (investeringar)					
Finanskostnader skuleoppgradering	0 kr	0 kr	700,000 kr	700,000 kr	1,400,000 kr
					0 kr
Reduksjon i driftsutgifter					
PO4 Samfunnsutvikling og drift	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	800,000 kr
Sette Velferdsutvalget på pause	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	400,000 kr
Lokaler Hjelpepmeddelsentralen	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	100,000 kr	400,000 kr
PO2 Skule og oppvekst	350,000 kr	350,000 kr	350,000 kr	350,000 kr	1,400,000 kr
SUM	750,000 kr	750,000 kr	750,000 kr	750,000 kr	3,000,000 kr
Programområde 2					
Sommarskolen i Seljord	150,000 kr	150,000 kr	150,000 kr	150,000 kr	600,000 kr
Programområde 3					
Innføre vaken nattevakt (Nestunet)	0 kr	623,823 kr	623,823 kr	623,823 kr	1,871,469 kr
Innføre vaken nattevakt (Steinmoen + Tilrettelagte tenester)	0 kr	0 kr	1,039,134 kr	1,039,134 kr	2,078,268 kr
Programområde 4					
Sommarjobb for ungdom (inkl. drift av Sommarskolen)	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	200,000 kr	800,000 kr
---	0 kr	0 kr	0 kr	0 kr	0 kr
SUM AUKA UTGIFTER	350,000 kr	973,823 kr	2,012,957 kr	2,012,957 kr	5,349,737 kr
<hr/>					
	Meir/mindre	Rådmannen sitt framlegg	Total		
Bruk av disposisjonsfond 2022	-400,000 kr	-262,281 kr	-662,281 kr		
Bruk av disposisjonsfond 2023	223,823 kr	148,747 kr	372,570 kr		
Bruk av disposisjonsfond 2024	3,462,957 kr	-360,104 kr	3,102,853 kr		
Bruk av disposisjonsfond 2025	1,962,957 kr	-3,176,878 kr	-1,213,921 kr		
SUM Bruk av disp.fond	5,249,737 kr				
STØRRELSE DISPOSISJONSFOND					
Rådmannens budsjettframlegg 31.12.2025	11,987,516 kr				
Disp.fond 31.12.2025 SP/MDG-forslag	6,737,779.00				